



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Referat styremøte 24.10.2016

Desse møtte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)
Ingunn Uppstad
Bjørgulv Sverdrup Lund
Cecilie Haugen
Lise Fosså

1) Referatsaker

a. Mva-kontroll 2016

Anne Liv orienterte om momskontroll. Ho har sendt inn årsrekneskap for 2015 og revisormelding.

b. Politiattestar

Det er søkt om dette for dei fleste, bortsett frå dei aller ferskaste trenarane.

c. Sesilåmi 2017

Anne Liv orienterte om at sesilåmi er nå på instagram.

d. Klubbhus

Anne Liv har skrevet behovsvurdering og laga ein drifts- og vedlikehaldsplan. Det er innhenta prisar, og Helge Eriksen i idrettsfinans arbeider nå med spelemiddelsøknad.

e. andre saker:

Klatrevegg

Cecilie Haugen og Åse Solbakk orienterte om klatrevegg. Arne Holtskog og Børre Bergshaven planlegger eit klatresenter på Helle. Men det er ynskje om å skape ei klatregruppe som kan arrangere klatreaktivitet.

Vi ser planane an til våren, og tek stilling til vidareutvikling av Vallehalli då.

Mobilinnsamling

Vi må jobbe for å samle inn fleire telefonar. Fristen er laurdag.

Forsikring

Anne Liv har gått igjennom forsikringane med banken og ventar på nytt tilbod.

2) Nytt medlem av valnemnda

Tor Viki har vore i valnemnda til i år, men er på val. Dette blei gløymt til årsmøtet, men styret er gitt i oppdrag å finne eit nytt medlem til valnemnda i årsmøtet. Per i dag sit Knut H. Rysstad og Margit Dale (leiar) i valnemnda. Eg ber styret tenke på namn!

Vi treng framleis nye namn, i og med at Karen Marie ikkje kunne.

Vedtak :

Desse vert foreslege: Knut Erik Paulsen, Tove Hilde Åmlid, Kåre Rike eller Ånund Viki.

3) Sprekleiken 2016

Cecilie orienterte. Manglar tilbakemelding frå deltakarar og dugnadsgjeng. Vi må mobilisere arrangementet.

4) Aktivitetskalender 2017

Det skal haldast eit møte med Bygland og Otra IL for at aktivitetar ikkje kjem i konflikt. Kristine Kleiveland og Anne Liv skal møte der. Pr dags dato er det ikkje fastsett dato for arrangement i 2017.

5) Eventuelt

Førstehjelpskurs

Ein vil prøve å få i gang eit førstehjelpsskurs. Cecilie er på saken.

Neste møtedato vert sett til 21.11.2016 klokka 18.00.

-Møtet slutt-

Lise Fosså - Sekretær